

1473. møte, 6. september 2023

2 Aktuelle politiske saker

2.4 Styringskomiteen for demokrati og styresett (CDDG)

a. Forklarande notat til rekommandasjon CM/Rec(2023)5 frå Ministerkomiteen til medlemsstatane om prinsippa for eit godt demokratisk styresett

(Omsetjinga er uoffisiell og blir gitt berre for informasjonsføre mål. Originalspråket er engelsk, og teksten er skriven og publisert av Ministerkomiteen i Europarådet. Omsetjinga til nynorsk er omsett og publisert av Kommunal- og distriktsdepartementet).

Innhaldsliste

[Introduksjon](#)

[Førebuande arbeid](#)

[Generell kontekst og fortalen til rekommandasjonen](#)

[Den operative delen av rekommandasjonen](#)

[Vedlegget til rekommandasjonen](#)

[Grunnverdi 1 – RESPEKT FOR, VERN AV OG FREMJING AV DEMOKRATI, MENNESKERETTAR OG RETTSSTATSPRINSIPPET](#)

[Prinsipp 1 – demokratisk deltaking](#)

[Prinsipp 2 – menneskerettar](#)

[Prinsipp 3 – rettsstatsprinsippet](#)

[Grunnverdi 2 – OVERHALDING AV DEI HØGSTE STANDARDANE FOR OFFENTLEG ETIKK OG INTEGRITET I UTØVINGA AV MAKT OG OFFENTLEG ANSVAR](#)

[Prinsipp 4 – offentleg etikk](#)

[Prinsipp 5 – ansvarlegheit](#)

[Prinsipp 6 – openheit og gjennomsiktigheit](#)

[Grunnverdi 3 – UTØVING AV GOD FORVALTNING](#)

[Prinsipp 7 – effektiv, verknadsfull og forsvarleg forvaltning](#)

[Prinsipp 8 – leiarskap, yteevne og kapasitet](#)

[Prinsipp 9 – respons](#)

Grunnverdi 4 – YTING AV OFFENTLEGE TENESTER AV HØG KVALITET OG ØKONOMISK, SOSIAL OG MILJØMESSIG VELFERD

Prinsipp 10 – god finansiell og økonomisk styring

Prinsipp 11 – berekraft og langsiktighet

Prinsipp 12 – openheit for endring og innovasjon

VEDLEGG – referansetekstar

Introduksjon

1. Som det går fram av vedtektene, vart Europarådet stifta med det overordna målet å sikre varig fred i Europa og ein «truskap til dei spirituelle og moralske verdiane som er den felles arva til folka i [dei stiftande medlemsstatane] og den sanne kjelda til individuell fridom, politisk fridom og rettsstaten, prinsipp som dannar grunnlaget for alt ekte demokrati». Eit demokratisk styresett er derfor avgjerande for å oppnå dette målet. Europarådet har, sidan den gong, haldt fram med å jobbe for dette målet, samstundes som det har gjort sitt beste for å handtere dei skiftande behova til europeiske samfunn på ein effektiv måte, noko som er blitt gjenteke på dei fire toppmøta mellom stats- og regjeringssjefane. Det tredje toppmøtet, i 2005, vedtok ei erklæring og ein handlingsplan med sikte på å styrkje hovudmandatet til Europarådet, som er å sikre og fremje menneskerettane, demokratiet og rettsstatsprinsippa. Sidan den gong har ei rekkje finansielle, politiske og helsemessige kriser over heile Europa utfordra den demokratiske motstandskrafta i mange medlemsstatar og ført til ein tilbakegang for demokratiet. På det fjerde toppmøtet, halde i Reykjavik 16.–17. mai 2023, forplikta stats- og regjeringssjefane i Europarådet seg til å forhindre og motverke den demokratiske tilbakegangen i Europa^[1].

2. I 2021 gav Ministerkomiteen styringskomiteen for demokrati og styresett (CDDG) i oppdrag å utarbeide eit utkast til ein rekommandasjon med eit sett med prinsipp for eit godt demokratisk styresett som skal gjelde generelt for alle forvaltningsnivå, og som byggjer på dei tolv prinsippa for eit godt demokratisk styresett på lokalt nivå^[2].

3. Som ein oppfølging til arbeidet til CDDG vedtok Ministrane sine representantar på det 1473. møtet den 6. september 2023 Rekommandasjon CM/Rec(2023)5 frå Ministerkomiteen til medlemsstatane om prinsippa for eit godt demokratisk styresett. Dette nye juridiske instrumentet fastset standardane for eit godt demokratisk styresett som bør følgjast av alle medlemsstatar og dei offentlege institusjonane deira på alle nivå (nasjonalt, regionalt, lokalt). Rekommandasjonen spesifiserer kva standardar sivilsamfunnet og innbyggjarane bør forvente av myndigheitene som tener dei. Desse standardane dannar grunnlaget for ytterlegare verktøy som skal utviklast for å vurdere kvaliteten på styresettet i medlemsstatane.

4. Dette forklarande notatet har som mål å gjere det lettare å forstå desse standardane og inneheld ei liste med kriterium som kan vere til hjelp ved gjennomføringa av dei.

Førebuande arbeid

5. For å utarbeide eit utkast til denne rekommandasjonen utnemnde CDDG arbeidsgruppa for eit godt demokratisk styresett (GT-BG). CDDG gav gruppa eit mandat, sette ei tidsramme for arbeidet og utarbeidde ei rettleiande liste over relevant regelverk og relevante dokument. Oppgåva til GT-BG var derfor å byggje vidare på dette regelverket.

6. Under arbeidet til GT-BG og CDDG i 2022 bidrog representantar frå Parlamentarikarforsamlinga og sekretariatet til forsamlinga, Kongressen for lokale og regionale myndigheiter og sekretariatet til kongressen, Konferansen av internasjonale ikkje-statlege organisasjonar (CINGO), Den europeiske kommisjonen for demokrati gjennom lovgjeving («Venezia-kommisjonen»), Economist Intelligence Unit, Det internasjonale instituttet for demokrati og valassistanse («IDEA») og Organisasjonen for økonomisk samarbeid og utvikling (OECD) med innspel til utarbeidingsprosessen.

Generell kontekst og fortalen til rekommandasjonen

7. Fortalen til rekommandasjonen gjev ei grunnngjeving og ei liste over dei underliggjande omsyna som har ført til utarbeidinga av dette juridiske instrumentet. Desse inkluderer uro over nedgangen i praktiseringa av demokratiske verdiar i Europa og behovet for å oppdatere og oppgradere tidlegare sett med prinsipp og referanseverdiar for styresett.

8. Som framheva i årsrapporten for 2021 frå generalsekretæren til Europarådet om «Status for demokrati, menneskerettar og rettsstatsprinsipp: Ei demokratisk fornying for Europa» står Europa i dag overfor ein «klar og urovekkjande demokratisk tilbakegang», som er eit resultat av ei gjensidig forsterkande krise i både det demokratiske landskapet og dei demokratiske institusjonane. I fleire land vart det observert tilbakegang når det gjaldt upartiske og uavhengige domstolar, ytringsfridom, forsamlings- og foreiningsfridom, mediefridom, frie og rettferdige val og fremjing og vern av kvinners rett, noko som speglar funn frå internasjonale undersøkingar og indeksar.

9. Ei rekkje kriser og kontekstuelle endringar har også stresstesta demokratiske institusjonar, særleg dei siste 15 åra og etter finanskrisa i 2008, som mange analytikarar ser på som eit startpunkt for ein meir eller mindre tydeleg nedgang i den offentlege tilliten til demokratiske institusjonar i fleire land.

10. I resolusjon 2337 (2020) «Democracies facing the Covid-19 pandemic» påpeikte parlamentarikarforsamlinga til Europarådet at alle institusjonar var fanga i eit forsøk på å forhindre at demokrati, menneskerettar og rettsstatsprinsipp indirekte vart skadelidande av pandemien^[3]. Slike problem sette spørsmålsteikn ved den evna som institusjonane har til å «gå frå rivalisering mellom makter til eit sterkt og effektivt multilateralt samarbeid på tvers av partipolitiske skiljelinjer» på alle forvaltningsnivå. I sin resolusjon 2437 (2022) «Safeguarding and promoting genuine democracy in Europe» ^[4] understreka forsamlinga at ho var «medviten på kritikken om at tradisjonelle demokratiske institusjonar og politiske krefter ikkje har klart å innfri forventningane til innbyggjarane i sine svar på dei store utfordringane dei siste tiåra, som globalisering, migrasjonsrørsler, den digitale revolusjonen og innverknaden han har hatt på alle sider av samfunnet, klimaendringar, økonomisk stagnasjon og aukande ulikskap, som ein meiner har bidrege til ei generell kjensle av misnøye med demokratiet».

11. Invasjonen av Ukraina i februar 2022, som resulterte i en storkrig på det europeiske kontinentet og ekskluderinga av Den russiske føderasjonen frå Europarådet, har òg understreka i kor stor grad demokrati ikkje berre er ei plikt for kvart enkelt medlemsland overfor innbyggjarane sine, men òg eit ansvar som må delast og garanterast gjensidig mellom medlemsstatane, slik det vart understreka i [årsrapporten for 2022](#) frå generalsekretæren til Europarådet. I [årsrapporten sin for 2023 om status for demokrati, menneskerettar og rettsstatsprinsipp](#) understreka generalsekretæren vidare at det var «et presserande behov for at medlemsstatane investerer i eit godt demokratisk styresett som ein sentral føresetnad for å sikre fred og velstand i Europa».

12. På det [fjerde toppmøtet](#) for stats- og regjeringssjefane i Europarådet (Reykjavík, 16.-17. mai 2023) forplikta dei seg i slutterklæringa til «å sikre og styrke demokrati og eit godt styresett på alle nivå i hele Europa»[\[5\]](#). Dei vedtok og forplikta seg òg til dei ti «Reykjavík-prinsippa for demokrati» og meinte at demokrati var «det einaste middelet for å sikre at alle kan leve i eit fredeleg, velståande og fritt samfunn». Toppmøtet understreka behovet for å forhindre og motverke demokratisk tilbakegang på det europeiske kontinentet, òg i nødsituasjonar, kriser og væpna konflikhtar, og for å halde stand mot autoritære tendensar. Reykjavík-prinsippa viser mellom anna kor viktig det er å ha demokratisk deltaking på nasjonalt, regionalt og lokalt nivå, å halde val og folkeavrøystingar i samsvar med internasjonale standardar, å oppretthalde og verne uavhengige og effektive parlament og andre demokratiske institusjonar og å oppretthalde maktfordelinga med eigna kontrollar og balanse. Desse ti prinsippa blir alle spegla i breiare forstand i prinsippa for eit godt demokratisk styresett, som er tekne inn i rekommandasjonen, og som blir kommenterte nedanfor, i punkt 29 og utover.

13. I mandatet til CDDG vart det vist til at komiteen ved utarbeidinga av prinsipp for eit godt demokratisk styresett skulle byggje på dei tolv prinsippa for eit godt demokratisk styresett på lokalt nivå, som vart vedtekne i 2008 i samband med strategien for innovasjon og godt styresett og godkjende ved eit vedtak frå Ministerkomiteen i Europarådet. Sidan den gong har desse tolv prinsippa danna grunnlaget for tildelinga av European Label of Governance' Excellence (ELOGE) til lokale myndigheiter som har vist at dei overheld disse prinsippa, målt opp mot relevante referanseverdiar[\[6\]](#). Det vart utarbeidd rettleiingsdokument for å hjelpe til med gjennomføringa av ELOGE, særleg referanseverdiar for å lette evalueringa opp mot dei tolv prinsippa, og det vart samla inn erfaringar med gjennomføringa på lokalt nivå.

14. På den andre sida har teksten som inneheld desse tolv prinsippa, to avgrensingar. For det første vart teksten utforma med tanke på arbeidet, retningslinjene og den institusjonelle oppbygginga til lokale og regionale offentlege institusjonar. For det andre: Sjølv om strategien for innovasjon og godt styresett på lokalt nivå og prinsippa som ligg til grunn for han, er godkjende av Ministerkomiteen, har teksten til dei tolv prinsippa aldri hatt status som eit bindande juridisk instrument (ein konvensjon eller ein rekommandasjon frå Ministerkomiteen til medlemsstatane).

15. Fortalen til rekommandasjon CM/Rec(2023)5 påpeiker at eit godt demokratisk styresett viser til «alle styringsprosessar, institusjonar og praksisar som gjer at ansvarleg

mynde og ansvar blir utøvd på ein måte som er både effektiv og sentrert rundt ekte demokrati». I denne samanhengen refererer uttrykket "styringsprosessar, institusjonar og praksisar" til

- reglar og forskrifter: ettersom desse normalt definerer prosessane som gjeld i samband med avgjerdstaking, rapportering, ansvarlegheit, revisjon og tilsyn,
- verkemåten til institusjonane: som blir bestemd av organisatoriske modalitetar, interne retningslinjer, korleis ein utpeiker tilsette og avgjerdstakar, rapporteringslinjer, rutinar og prosedyrar, moglege arbeidskulturar og samspelet med offentlegheita og innbyggjarane,
- praksisar: korleis praksisar samsvarer med reglar og organisasjonslogikk.

16. Til slutt heiter det i fortalen at «tida er inne for å etablere (...) eit sett med standardar som skal tene som målestokk for eit godt demokratisk styresett på alle nivå, og som oppdaterer dei tolv prinsippa nemnde ovanfor». Rekommandasjonen er dermed meint å vere ein viktig referansetekst for medlemsstatane og gir ein felles visjon for eit godt demokratisk styresett. Teksten rettar seg først og fremst til dei som utformar politikk og tek avgjerder, statsforvaltninga, offentlege institusjonar og offentlege tenestemenn som er ansvarlege for utforming og drift av offentlege institusjonar. Men han har òg som mål å gjere lokalsamfunn og enkeltpersonar meir medvitne på kva og kor mykje dei kan forvente når det gjeld kvaliteten på forvaltninga av offentlege saker, ved å leggje eit grunnlag for dialog, samhandling, ansvarleggjering og tillit. Av dei ulike grunnane som er nemnde ovanfor, er rekommandasjonen meint å erstatte teksten med dei tolv prinsippa frå 2008.

17. Rekommandasjon CM/Rec(2023)5 fastset standardar for eit godt demokratisk styresett på alle forvaltningsnivå i form av fire grunnverdiar og tolv tilhøyrande prinsipp og nøkkelementa i dei. Dei banar i sin tur veg for praktisk gjennomføring av konkrete betringsprogram og oppgradering av eksisterande verktøy og referanseverdiar, mellom anna ELoGE-programmet.

Den operative delen av rekommandasjonen

18. Rekommandasjon CM/Rec(2023)5 oppfordrar medlemsstatane til å setje i verk tiltak på følgjande fem område:

- utføring av statleg verksemd i samsvar med grunnverdiane for eit godt demokratisk styresett og prinsippa i vedlegget;
- iverksetjing av tiltak og gjennomføring av aktivitetar for å krevje, setje i stand, støtte eller oppmuntre, alt etter kva som er føremålstenleg, gjeve statens konstitusjonelle eller lovmessige ordningar, offentlege institusjonar på nasjonalt, regionalt og lokalt nivå til å handle i samsvar med grunnverdiane for eit godt demokratisk styresett og dei tilhøyrande prinsippa beskrivne i vedlegget,
- omsetjing av denne rekommandasjonen til det eller dei nasjonale språka og sikring av at han blir formidla på nasjonalt, regionalt og lokalt nivå,

- evaluering, alt etter kva som er føremålstenleg, i kva utstrekning denne rekommandasjonen blir gjennomført,
- undersøking, i Ministerkomiteen, i samarbeid med CDDG og andre relevante organ i Europarådet og med deltaking frå relevante interessentar, av gjennomføringa av denne rekommandasjonen.

19. Det første tiltaket myndigheitene i medlemsstatane må setje i verk, er å overhalde grunnverdiane for eit godt demokratisk styresett i all statleg verksemd, i krisetider òg. Grunnverdiane representerer referanserammene for eit velfungerande demokrati og gjev, saman med prinsippa som er oppførte i vedlegget til rekommandasjonen, standardar som skal følgjast for å utøve eit styresett som svarer på dei legitime behova og forventningane til folket på ein måte som er både effektiv og verkeleg i samsvar med dei demokratiske verdiane som er uunnverlege for fred, velstand og økonomisk og sosial framgang.

20. Det andre tiltaket som må setjast i verk, er å fremje, på ein effektiv måte, at alle offentlege institusjonar og offentlege tenestemenn på alle nivå overheld grunnverdiane og dei tilhøyrande prinsippa innanfor sine funksjonar og kompetanseområde. Effektiv fremjing av eit godt demokratisk styresett på alle nivå inneber å innta eit fleirnivåperspektiv som involverer alle forvaltningsnivå og ikkje-statlege og ikkje-offentlege aktørar. Utøving av eit godt demokratisk styresett på alle nivå må vere ein dagleg innsats og praksis. Å setje offentlege institusjonar i stand til og oppmuntre dei til å handle i samsvar med prinsippa kan til dømes innebere å formidle informasjon og auke medvitet om eksistensen og viktigheita av desse prinsippa og/eller verdiane dei formidlar, arrangere workshops og opplæring, utvikle referansemålingsøvingar, innlemme prinsippa i eksisterande regelverk, læreplanar og strategisk planlegging, og informere og involvere sivilsamfunnet.

21. Det tredje tiltaket er å omsetje rekommandasjonen til det eller dei nasjonale språka, for å sikre at han blir formidla til alle offentlege institusjonar, offentlege tenestemenn og alle interesserte på alle nivå, slik at det blir lettare å gjennomføre han.

22. Det fjerde tiltaket gjeld vurderinga av i kva grad offentlege institusjonar gjennomfører rekommandasjonen. Dette er ikkje ei konkret oppfordring til formell evaluering. Fleire metodar kan gi nyttig innsikt, til dømes ved å bruke revisjons- og evalueringsfunksjonen til offentlege institusjonar, ad hoc-rapportar bestilte av eit myndighetsorgan på sentralt, regionalt eller lokalt nivå, eller eit program som dei som blir forvalta under European Label of Governance Excellence (ELoGE). Ifølgje erfaringane frå ELoGE-programmet gjev både eigenevalueringar av offentlege institusjonar på alle nivå og innbyggjarundersøkingar nyttige moglegheiter for tilbakemelding, og den samla analysen av slike evalueringar kan òg brukast til å utarbeide forbetningsplanar og justere den politikken som myndigheitene i medlemsstatane fører for å fremje rekommandasjonen. Det er dermed opp til kvart enkelt land å bestemme omfanget av slike vurderingar, så framtidige resultata gjev eit rettferdig, objektivt og meningsfylt nok bilete til å evaluere framsteg og utvikling over tid, gjere det mogleg å foreta eventuelle

justeringar og rapportere tilbake til CDDG (slik at CDDG kan utføre oppgåva med å gjennomgå gjennomføringa av dei rekommandasjonane frå Ministerkomiteen som er innanfor ansvarsområdet sitt). Slike vurderingar bør ikkje overlape med eller duplisere aktivitetar som blir gjennomførte som ein del av overvakingsprosessar eller andre evalueringar.

23. Rekommandasjonane frå Ministerkomiteen til medlemsstatane er normalt retta til sentrale myndigheiter. Ansvar for å formidle og fremje gjennomføringa av ein slik rekommandasjon ligg dermed hos dei. I nokre tilfelle, avhengig av statens konstitusjonelle oppbygging, kan ansvaret kvile på eit subnasjonalt forvaltningsnivå^[7].

Vedlegget til rekommandasjonen

24. Vedlegget blir innleia med definisjonar knytte til dei aktørane som er omfatta av rekommandasjonen. Definisjonane av «statleg verksemd», «offentlege institusjonar» og «offentleg tenestemann» er gjevne i breie vendingar for å dekkje eit breitt spekter av kategoriar av offentlege aktørar og organ i dei tre statsmaktene og den verksemda som blir utført.

25. I vedlegget blir dei fire grunnverdiane for eit godt demokratisk styresett beskrivne:

- respekt for, og vern og fremjing av, demokrati, menneskerettar og rettsstatsprinsippet,
- overhaldning av dei høgste standardane for offentlig etikk og integritet i utøvinga av makt og offentlig ansvar,
- utøving av god forvaltning,
- yting av offentlege tenester av høg kvalitet og økonomisk, sosial og miljømessig velferd.

26. For kvar grunnverdi er det ført opp ibuande rettleiande prinsipp – tolv i alt – som til saman utgjer ei samling gjensidig avhengige, utfyllande og gjensidig forsterkande grunnprinsipp for korleis statleg verksemd, verksemda til offentlege institusjonar og verksemda til offentlege tenestemenn skal utførast, og som det er like viktig å overhalde for å oppnå eit godt demokratisk styresett på alle nivå.

27. Teksten nedanfor tar sikte på å presentere kvar grunnverdi, beskrive prinsippa som er grupperte under kvar verdi, og gje ei liste over viktige element og omsyn som må takast i betraktning både når prinsippa skal gjennomførast, og når ein skal vurdere om verksemd overheld kvart av desse.

Grunnverdi 1 – RESPEKT FOR, OG VERN OG FREMJING AV, DEMOKRATI, MENNESKERETTAR OG RETTSSTATSPRINSIPPET

28. Den første grunnverdien er eit uttrykk for dei tre søylene til Europarådet: demokrati, menneskerettar og rettsstatsprinsippet. Følgjande prinsipp for eit godt demokratisk styresett høyrer til denne grunnverdien:

- 1 – demokratisk deltaking

2 – menneskerettar

3 – rettsstatsprinsippet

Prinsipp 1 – demokratisk deltaking

Demokratisk deltaking bør vere effektiv og inkluderande og omfatte regelmessige, frie og rettferdige val til lovgjevande forsamlingar, andre folkevalde forsamlingar og andre offentlege institusjonar, samstundes som statsforvaltninga og offentlege institusjonar engasjerer seg på ein meningsfull måte med dei som dei tener.

29. Prinsippet slår fast kva standard som må følgjast for at den demokratiske deltakinga skal vere av ein kvalitet som støttar opp om eit godt demokratisk styresett. Det set søkjelyset på temaa deltaking, representasjon og rettferdig gjennomføring av val. Disse grunnleggjande elementa byggjer på synet om at menneske og dei legitime forventningane og behova deira bør stå i sentrum for politikkutforming og avgjerdstaking på alle nivå. Kjernen i prinsippet er at eit godt demokratisk styresett ikkje berre vil bli oppnådd gjennom val – på ulike nivå –, men òg gjennom breiare former for deltaking, medrekna deltakardemokrati, som òg kan omfatte deliberativt demokrati. Føresetnadene for deltaking, representasjon og rettferdig gjennomføring av val må derfor bli forstått slik at dei fungerer samstundes og gjensidig avhengig av kvarandre, at dei forsterkar kvarandre og sikrar konsistente relasjonar, på alle nivå, mellom offentlege institusjonar, offentlege tenestemenn og folk, og at dei byggjer på ytrings-, forsamlings- og foreiningsfridomane.

Prinsipp 1

Overhalding av dette prinsippet vil tyde følgjande:

Om deltaking

- Mennesket står i sentrum for politikkutforming og avgjerdsprosessar.
- Politikkutformings- og avgjerdsprosessar legg til rette for brei deltaking frå alle menneske, også mindre privilegerte og sårbare grupper.
- Det er ei balansert deltaking av alle kjønn i politiske og offentlege avgjerdsprosessar.
- Eit repertoar av deltakande og deliberative former for demokrati, med offentlege høyringar, folkepanel, allmøte, deltakande budsjett og folkeavrøystingar, er tilgjengeleg for offentlege organ i eit representativt demokrati, noko som aukar og utvidar moglegheitene til å komme med innspel til den politiske og lovgjevingsmessige prosessen.
- Alle røyster, òg røystene til dei sårbare og mindre privilegerte, blir høyrde og tekne omsyn til i alle fasar av politikkutforming og avgjerdsprosessar.

Om representasjon

- Folk har høve til å få tilgang til og engasjere seg i politikkutforming og avgjerdsprosessar direkte eller gjennom legitime mellomledd som representerer interessene deira.
- Politiske tiltak fremjar like moglegheiter for personar av alle kjønn til å få tilgang til og engasjere seg i desse politikkutformings- og avgjerdsprosessane.
- Politikkutformings- og avgjerdsprosessar anerkjenner og meklar mellom ulike legitime interesser.
- Politikkutforming og avgjerdsprosessar har som mål å komme fram til avgjerder som i størst mogleg grad tek omsyn til alle menneske.
- Avgjerder blir tekne i samsvar med viljen til dei mange, samtidig som rettane og dei legitime interessene til dei få blir respekterte.

- Lokaldemokrati, lokalt sjølvstyre og subsidiaritet blir respektert, og det blir oppmuntra til fleirnivåstyring.

Om rettferdig gjennomføring av val

- Vallovene er i samsvar med europeiske standardar og europeisk valarv, som oppsummert i til dømes Code of good practice in electoral matters frå Den europeiske kommisjonen for demokrati gjennom lovgjeving (Venezia-kommisjonen).
- Val blir gjennomførte på ein fri og rettferdig måte, utan valfusk.
- Alle kjønn blir sikra lik tilgang til å informere og bli informerte om val i alle fasar av valprosessen.
- Det blir garantert og fremja at vala er hemmelege, og at veljarane er frie til å danne seg ei meining, særleg gjennom tilstrekkeleg og lik tilgang til valinformasjon.
- Relevante grunnleggjande rettar er garanterte, særleg ytringsfridom, pressefridom, rørslefridom i landet, foreiningsfridom og forsamlingsfridom for politiske formål.
- Valet blir forvalta av eit organ som er i stand til å utføre oppgåvene sine utan innblanding.
- Administrative ressursar blir brukte til å sikre frie og rettferdige val, nøytralitet og upartiskheit i valprosessen, likebehandling av ulike kandidatar og parti og like konkurransevilkår for kandidatar av alle kjønn.

Finansieringa av politiske parti og valkampanjar er regulert i samsvar med prinsippet om like moglegheiter, openheit og uavhengig kontroll.

Prinsipp 2 – menneskerettar

Respekten for menneskerettane som vernar alle og representerer verdiane rettferd, verdigheit, likeverd og respekt, bør sikrast, i samsvar med europeiske og internasjonale standardar, mellom anna vedtektene til Europarådet (ETS nr. 1) og Den europeiske menneskerettskonvensjonen (ETS nr. 5).

30. Prinsippet gjer det klart at respekt for menneskerettane er ein hjørnestein i eit godt demokratisk styresett. Menneskerettane og dei grunnleggjande fridomane er universelle, udelelege, gjensidig avhengige av kvarande og innbyrdes forbundne, og alle skal kunne nyte godt av dei utan diskriminering. Sivile, politiske, sosiale og økonomiske rettar må fremjast, vernast, overvakast og utviklast på alle nivå for å sikre at ingen blir diskriminerte eller ekskluderte, og at mangfald og inkludering blir integrert i alle politikkutformings- og avgjerdsprosessar som ein føresetnad for eit velfungerande demokrati og eit effektivt styresett.

Prinsipp 2

Overhalding av dette prinsippet vil tyde følgjande:

- Det finst eigna lovgjeving, institusjonar, prosedyrar, praksis og åtferdsnormer for å sikre utvikling, fremjing, vern og effektiv utøving av menneskerettane.
- Det finst klart definerte overvåkings- og rapporteringsmekanismar, til dømes ombodsmannsinstitusjonar, for å handtere eventuelle krenkingar av menneskerettane.
- Det finst førebyggjande og sanksjonerande tiltak for å motarbeide diskriminering på alle grunnlag.
- Likestilling for alle blir fremja aktivt for å byggje meir inkluderande samfunn som gir tilstrekkeleg vern mot diskriminering og hat, og der mangfald blir respektert.
- Mangfald og inkludering i samfunnet av alle menneske, alle kjønn og mindre privilegerte og sårbare grupper, blir aktivt støtta gjennom eigne strategiar og planar som spesifiserer mål, delmål og overvåkingsmekanismar.

Prinsipp 3 – rettsstatsprinsippet

Rettsstatsprinsippet bør respekterast, slik at alle blir sikra rettstryggleik, mellom anna føreseieleg rettspraksis, der alle blir behandla på ein verdig, likeverdig, rasjonell og proporsjonal måte, innanfor ei ramme der maktfordeling og sjølvstendet til domstolane er garantert i heile landet.

31. Prinsippet gjer det klart at rettsstatsprinsippet, som i fortalen til Europarådets vedtekter er nemnt som eitt av dei tre prinsippa som dannar grunnlaget for eit ekte demokrati, er ein viktig del av eit godt demokratisk styresett. Rettsstatsprinsippet gjev ein trygg og føreseieleg rett, der alle har rett til å bli behandla på ein verdig, likeverdig, rasjonell og proporsjonal måte i samsvar med gjeldande rett, og rett til å overprøve avgjerder for uavhengige og upartiske domstolar i samsvar med ein rettferdig prosedyre.

Prinsipp 3

Overhaldning av dette prinsippet vil tyde følgjande:

- Lova rår, og det finst ein open, ansvarleg og demokratisk prosess for å vedta lover.
- Rettstryggleik er garantert.
- Det finst tiltak for å forhindre maktmisbruk, mellom anna rettslege tryggingstiltak mot vilkårligheit og maktmisbruk frå offentlege myndigheiter si side.
- Forvaltningshandlingar/-vedtak må grunngjevast.
- Likskap for lova og ikkje-diskriminering er garantert.
- Tilgang til prøving for uavhengige og upartiske domstolar, mellom anna rettsleg prøving av forvaltningshandlingar, er garantert.

Grunnverdi 2 – OVERHALDING AV DEI HØGSTE STANDARDANE FOR OFFENTLEG ETIKK OG INTEGRITET I UTØVINGA AV MAKT OG OFFENTLEG ANSVAR

32. Den andre grunnverdien set offentleg etikk og integritet i sentrum for eit godt demokratisk styresett på alle forvaltningsnivå og anerkjenner dei krava og forventningane innbyggjarane har til offentleg etikk og integritet som legitime, stadig meir uttalte og relevante for statsforvaltninga, offentlege institusjonar og alle tenestemenn som har eit offentleg ansvar. Følgjande prinsipp for eit godt demokratisk styresett kjem inn under denne grunnverdien:

- 4 – offentleg etikk
- 5 – ansvarlegheit
- 6 – Openheit og gjennomsigtingheit

Prinsipp 4 – offentleg etikk

Dei høgste standardane for offentleg etikk bør overhaldast strengt, slik at alle kan ha tillit til at statsforvaltninga, offentlege institusjonar og offentlege tenestemenn tener samfunnets beste.

33. Prinsippet set standardane som offentlege tenestemenn er venta å etterleve, og som inneber at samfunnets beste blir sett framfor private interesser i samsvar med lova, slik at tilliten som innbyggjarane har til handlingane og vedtaka til statsforvaltninga,

offentlege tenestemenn og offentlege institusjonar, blir halden ved like og styrkt. Statsforvaltninga, offentlege institusjonar og offentlege tenestemenn må etterleve verdiane legalitet, integritet, objektivitet, ansvarlegheit, openheit, ærlegskap, respekt og leiarskap.

34. Desse standardane vil vere eit resultat av ein kombinasjon av arbeidsreglar og -lovgeving, åtferdsreglar og ei rekkje lover som typisk handlar om generell åtferd, utval/rekruttering og karrierar (reint rulleblad og bakgrunnssjekkar, merittbasert avansement osv.), rett bruk av offentlege ressursar, reaksjonar på gåver og andre utilbørlege fordelar, handtering av interessekonfliktar, vern av varslarar, utøving av bijobbar og yrkesmessige overgangar mellom offentlege og andre funksjonar (gjennomtrekk, karenstidperiodar), mekanismar for å deklarerer eige delar og interesser og andre tiltak for å forhindre korrupsjon. Straffelovgevinga vil ta for seg embetsrelaterte lovbrøt som underslag, bestikkingar, påverknadshandel, misbruk av stilling og tillitsbrøt, avhengig av rettstradisjonen i landa og internasjonale konvensjonar som dei har ratifisert og gjennomført.

Prinsipp 4

Overhaldning av dette prinsippet vil tyde følgjande:

- Politikktutforming og avgjerdsprosessar har som mål å vareta samfunnets beste framfor individuelle interesser.
- Det finst eit samfunnsetisk rammeverk, som omfattar strategiar, lover, forskrifter, etiske retningslinjer og rettleiing, alt etter kva som er relevant, som verkar saman for å opne for og innarbeide etisk praksis i verksemda til alle offentlege institusjonar og i avgjerdstakinga og handlingane til offentlege tenestemenn.
- Det er innført effektive tiltak for å førebyggje og motarbeide alle former for korrupsjon, mellom anna kriminalisering, som fremjar medvit blant befolkninga og etisk åtferd.

- Det er innført klare prosedyrar for handtering av klagar og misnøye frå befolkninga og frå offentlege tenestemenn der det er mistanke om brot på etiske standardar.
- Det er innført klare strategiar, planar og tiltak for å identifisere og løyse eller handtere interessekonfliktar, òg med tanke på perioden etter at vervet er avslutta.
- Det er innført vernetiltak for varslarar for å forhindre direkte eller indirekte gjengjelding frå den offentlege organisasjonen dei tilhøyrer eller har tilhørt, og frå offentlege tenestemenn i den offentlege organisasjonen.

Prinsipp 5 – ansvarlegheit

Det bør finnast mekanismar for ansvarlegheit for å sikre at statsforvaltninga, offentlege institusjonar og offentlege tenestemenn tek ansvar for handlingane og avgjerdene sine og kan haldast ansvarlege, og at dei godtek eventuelle konsekvensar eller samhøevande sanksjonar for upassande avgjerder eller utelatingar.

35. Prinsippet slår fast behovet for ansvarsordningar på alle nivå av ein kvalitet som støttar opp om eit godt demokratisk styresett. Slike ordningar bør føresetje at ein er villig og i stand til å ta ansvar for avgjerdene og handlingane sine, til å rapportere om og forklare desse avgjerdene og å vere førebudd på å svare på spørsmål om desse avgjerdene, og til å godta eventuelle konsekvensar eller samhøevande sanksjonar mot utilbørlege avgjerder eller utelatingar.

36. Som det blir påpeikt i rekommandasjon [CM/Rec\(2022\)2](#) frå Ministerkomiteen til medlemsstatane om demokratisk ansvarlegheit for folkevalde representantar og folkevalde organ på lokalt og regionalt nivå, har eit utvikla system og ein utvikla kultur for ansvarlegheit mange fordelar, spesielt når det gjeld å fremje eit godt styresett, demokrati, høge standardar for offentleg etikk, tillit til offentlege institusjonar og eit sunt økonomisk og sosialt miljø,

Prinsipp 5

Overhaldning av dette prinsippet vil tyde følgjande:

- Statsforvaltninga, offentlege institusjonar og offentlege tenestemenn tek ansvar for avgjerdene sine innanfor eit rammeverk for ansvarlegheit som, der det er mogleg, blir presentert som konsolidert lovgjeving, og som tydeleg identifiserer og dokumenterer kva forhold dei er ansvarlege for, og i kva grad dei er juridisk og økonomisk ansvarlege.
- Statsforvaltninga, offentlege institusjonar og offentlege tenestemenn er forplikta til å gjere informasjon om handlingane og avgjerdene sine tilgjengeleg.
- Informasjon som blir gjeven i samband med gransking, bør gjerast tilgjengeleg i eit format som er tilgjengeleg og relevant for dei informasjonen er tiltenkt, og som tek omsyn til det eksisterande teknologiske gapet.
- Prosessen med rapportering og ansvarleggjering, gjennom gransking og andre mekanismar, bør stimulere til ansvarleg åtferd og byggje ein ansvarleg kultur med vekt på læring og utvikling av betre offentlege tenester for framtida.
- Granskingsprosessen bør bli styrt av eit føremålstenleg regelverk.
- Det er utpeikt myndigheiter som har mynde til å sanksjonere og til å avhjelpe på ein effektiv og rimeleg måte handlingar som er i strid med standardar, normer eller lovføresegner.

Prinsipp 6 – openheit og gjennomsiktighet

Openheit og gjennomsiktighet bør sikrast ved å gjere avgjerdsprossane til statsforvaltninga, offentlege institusjonar og offentlege tenestemenn offentleg tilgjengelege – med dei avgrensingane som er fastsette i lov, som er naudsynte i eit demokratisk samfunn, og som står i forhold til dei måla som slike avgrensingar freistar å verne – mellom anna ved å bruke moderne digitale verktøy der det er føremålstenleg.

37. Prinsippet gjer det klart at arbeidet til statsforvaltninga og offentlege institusjonar og prosessar som gjeld politikkkutforming og avgjerdstaking, går føre seg på ein open måte, på grunnlag av **kva den gjeldande retten til informasjon er på området** som offentlege institusjonar innehar. Nettsider, internett-plattformer, sosiale medium, e-postkorrespondanse og nyheitsbrev og offentleg kringkasting av drøftingar i folkevalde råd via internett-kanalar er berre nokre døme på korleis teknologi kan brukast til å sikre ein kultur for openheit og aktiv kommunikasjon, både for å levere offentleg informasjon og tenester og for å støtte ein kultur for demokratisk deltaking.

Som det blir påpeikt i CDDGs studie om innverknaden til den digitale transformasjonen på demokrati og godt styresett (juli 2021), er «enkelpersonar villige til å engasjere seg i den offentlege sfæren. Digitale teknologiar gjev fleire moglegheiter til å uttrykke dette engasjementet: Innbyggjarane deltek i samtalar, høyringar og drøftingar på nettet, bidreg på nettet til saker dei støttar, òg økonomisk, og deler innspela sine gjennom digitale plattformer som bidreg til å stille offentlege institusjonar til ansvar.»

38. Innsyn i informasjon som offentlege institusjonar innehar, må regulerast av eigna og konsekvente lover og forskrifter som omhandlar handtering av informasjon og førespurnader om informasjon, kriterium for når innsyn i informasjon og dokument som offentlege myndigheiter innehar, kan nektast, prosedyrar for klassifisering og avklassifisering osv. Europarådskonvensjonen om innsyn i offentlege dokument (CETS nr. 205) er eit viktig referanseinstrument i denne samanhengen.

Prinsipp 6

Overhalding av dette prinsippet vil tyde følgjande:

- Statsforvaltninga og offentlege institusjonar kommuniserer aktivt informasjon på ein inkluderande og effektiv måte, og sørgjer for at det er tydeleg kva informasjon som er tilgjengeleg, og korleis og kvar informasjonen kan finnast, at informasjon og tenester blir utforma etter behova til brukarane, at informasjonen er korrekt, autentisk og oppdatert, og at slike tenester er sikre.
- Det er etablert lovgjeving om informasjonsfridom, som inneheld klare og effektive prosedyrar som gjer det mogleg for ålmenta å be om informasjon og dokument som offentlege institusjonar sit på, med eit avgrensa mengd omstende der innsyn kan nektast.
- Informasjon om avgjerder, gjennomføring av politikk og resultat blir gjort tilgjengeleg for ålmenta på ein slik måte at folk effektivt kan følgje med på og bidra til arbeidet til statsforvaltninga og offentlege institusjonar, anten direkte eller gjennom representative organ.
- E-forvaltningstenester er gjorde tilgjengelege via ei rekkje informasjons- og kommunikasjonsteknologiske (IKT) kanalar, der det er praktisk mogleg og kostnadseffektivt, så framt dei sikrar brukarvennlegheit og betre kvalitet, tilgjengelegheit og tilgang til informasjon og tenester og tek omsyn til potensielle risikoar, særleg knytte til misbruk av personopplysningar og utilstrekkelege nettferdigheiter.

Grunnverdi 3 – UTØVING AV GOD FORVALTNING

39. Den tredje grunnverdien legg vekt på god forvaltning som ein nøkkelkomponent i eit godt demokratisk styresett, og i kraft av det handlar verdien ikkje berre om juridiske ordningar, men òg om dei organisatoriske og operasjonelle standardane som er naudsynte for at offentlig verksemd på alle nivå skal oppfylle krava til å vere verknadsfulle, effektive og relevante for samfunnets behov. Følgjande prinsipp for eit godt demokratisk styresett kjem inn under denne grunnverdien:

- 7 – effektiv, verknadsfull og forsvarleg forvaltning
- 8 – leiarskap, yteevne og kapasitet
- 9 – respons

Prinsipp 7 – effektiv, verknadsfull og forsvarleg forvaltning

Forvaltninga hos statsforvaltninga og offentlege institusjonar, som omfattar alle offentlege tenestemenn, bør vere effektiv, verknadsfull og forsvarleg for å fremje velferda til alle dei som dei tener, utan diskriminering, mellom anna ved å optimalisere bruken av offentlege ressursar.

40. Prinsippet inneber at offentlege institusjonar på alle nivå er driftseffektive; offentlege tiltak blir utforma og gjennomførte for å nå klart definerte mål på ein verknadsfull måte, og tilgjengelege ressursar blir fordelte og brukte effektivt. Resultatstyring og revisjon er grunnleggjande for å sikre at styresettet er effektivt og verknadsfullt. Dette prinsippet er òg knytt til god fleirnivåstyring, som tyder at det er ei føremålstenleg fordeling av makt, ansvar og ressursar på alle forvaltningsnivå, basert på

nærleiksprinsippet og respekt for lokaldemokratiet, slik det er fastsett i Det europeiske charteret for lokalt sjølvstyre. Det bør òg vere effektiv koordinering mellom institusjonane med effektive overvakingssystemar.

Prinsipp 7

Overhalding av dette prinsippet vil tyde følgjande:

Om effektivitet

- Strategiske og operasjonelle planar definerer tydelege mål og delmål innanfor ei fastsett tidsramme.
- Tilgjengelege ressursar blir brukte på best mogleg måte, både teknisk sett og allokeringssmessig.
- Effektiv samordning på tvers av forvaltningsnivå tek omsyn til lokaldemokrati- og nærleiksprinsippa og sikrar at det blir tilbode tenester av høg kvalitet på alle nivå.

Om verknad

- Resultatstyringssystem er utforma og implementerte i samsvar med fastsette mål og delmål.
- Interne og eksterne revisjonar blir gjennomførte med jamne mellomrom på alle nivå. I resultatane frå revisjonsvurderingane blir det gjeve tilrådingar om korrigerande tiltak, som blir spegla på eigna måte i politikkkutforming og avgjerdsprosessar.

Om forsvarleg forvaltning

- God forvaltning må sikrast på alle nivå ved kvaliteten på lovgjevinga, som må vere føremålstenleg og konsekvent, klar, lett forståeleg og tilgjengeleg.
- Dei forvaltningsmessige rammene og prosessane bør organiserast slik at dei er i samsvar med følgjande prinsipp: lovlegheit, likskap, upartiskheit, proporsjonalitet, rettferd, iverksetjing av tiltak innan rimeleg tid, rettstryggleik, proporsjonalitet og ikkje-diskriminering, rett til å bli høyrd og deltaking, respekt for privatliv og openheit.
- Retten til god forvaltning bør spesifiserast i eit sett med rettar og plikter som kan handhevast.
- Nærleik og tilgjengelegheit til forvaltningskontor bør fremjast.
- Opplæring av offentleg tilsette er uunnverleg for å sikre at dei utfører oppgåvene sine både i ålmentas interesse og i interessene til dei personane dei har med å gjere.

Prinsipp 8 – leiarskap, yteevne og kapasitet

Det bør gjerast ein konsekvent og berekraftig innsats for å styrkje det organisatoriske leiarskapet hos statsforvaltninga og offentlege institusjonar, og evnene og kapasitetane til alle offentlege tenestemenn, slik at grunnverdiane for eit godt demokratisk styresett er verknadsfulle.

41. Prinsippet gjer det klart at organisatorisk leiing i offentlege institusjonar er ein nøkkelfaktor som bidreg til å sikre eit godt demokratisk styresett på alle nivå. Eit slikt leiarskap bør freiste å utvikle og/eller styrkje ei offentleg teneste som fremjar ein organisasjonskultur som verdset og oppmuntrar til handling i samsvar med resultatorienterte og innbyggjarretta verdiar, ei offentleg teneste som ser kva ferdigheiter og kunnskap som er ønskelege, slik at ho kan forbetre prosessar og resultat til beste for innbyggjarane, og ei offentleg teneste som har mynde og er i stand til å dekkje raskt skiftande behov i samfunnet. Det bør derfor gjerast ein omfattande innsats for å utvikle ferdigheitene, åtferda, kunnskapen og evnene til offentlege tenestemenn, og for kontinuerleg å forbetre den samla organisatoriske kapasiteten til ein offentleg institusjon. Det handlar både om naudsynt organisatorisk leiing og kvalifiserte menneskelege ressursar, om å involvere interessantar på ein effektiv måte i politikkkutforming og

avgjerdsprosessar og om å utarbeide og bruke eigna metodar, prosessar og god praksis for rekruttering og strategisk leiing.

Prinsipp 8

Overhalding av dette prinsippet vil tyde følgjande:

Om leiarskap

- Den offentlege tenesta blir driven på grunnlag av ein klar visjon inspirert av prinsippa for eit godt demokratisk styresett.
- Tilnærminga for den offentlege tenesta er proaktiv, innovativ, lærande, inkluderande, trygg og representativ for mangfaldet i det samfunnet ho tener.

- Individuelt leiarskap er inspirerande, samarbeidsorientert og styrkjande; det blir anerkjent og fremja; personar i leiarstillingar bør kunne vise at dei overheld prinsippa for eit godt demokratisk styresett, i tillegg til at dei held ein høg standard når det gjeld resultat og integritet.

Om yteevne

- Retningslinjer for personalforvaltning sikrar at det finst system for å forvalte yteevna i organisasjonen slik at tilgjengeleg kompetanse samsvarer med måla til institusjonane, og at ei merittbasert tilnærming og rekruttering/utvikling av talentar blir støtta og oppmuntra.
- Vurderingar av opplæringsbehov blir gjennomførte regelmessig. Dei har som mål å identifisere naudsynt og eksisterande kompetanse og vurdere den samla yteevna til ein offentlig organisasjon og kapasiteten organisasjonen har til å nå dei strategiske måla sine.
- Det er innført opplæringsstrategiar og -planar for å halde ved like og styrkje den personlege og organisatoriske yteevna og kapasiteten.

Om kapasitet

- Offentlege institusjonar evaluerer, saman med relevante interessentar, tenestevilkåra for offentlege tenestemenn for å sikre at rekruttering av personale av høg kvalitet er basert på merittar og kompetanse, og at det derfor blir tilbode passande opplæringsmoglegheiter, løn og karrieremoglegheiter.
- Offentlege institusjonar etablerer dei naudsynte strukturane, prosessane og kapasitetane for å forske, planleggje, finansiere, gjennomføre og evaluere program for kapasitetsbygging.
- Det er innført tiltak og prosedyrar for prestasjonsvurdering og prestasjonsstyring for å vurdere, påskjønne eller betre og styrkje prestasjonane til dei tilsette og den faglege og personlege utviklinga deira.

Prinsipp 9 – respons

Statsforvaltninga, offentlege institusjonar og offentlege tenestemenn bør imøtekomme dei legitime forventningane og behova til dei som dei tener.

42. Prinsippet slår fast at eit effektivt og velfungerande demokratisk styresett òg er avhengig av at ein offentlig organisasjon er i stand til å imøtekomme dei legitime forventningane og behova til befolkninga. Dette inneber at slike forventningar og behov blir identifiserte i tide og handtert konsekvent gjennom ei strukturert, samanhengande, rettferdig og open tilnærming på både politisk og administrativt nivå. Følgjeleg blir slike forventningar og behov det sentrale i utforminga, kommunikasjonen, overvakinga og leveringa av offentlege tenester.

Prinsipp 9

Overhalding av dette prinsippet vil tyde følgjande:

- Dei legitime forventningane og behova til befolkninga blir identifiserte gjennom strukturerte, samanhengande og transparente tilnærmingar på både politisk og administrativt nivå.

- Når dei legitime forventningane og behova til befolkninga er identifiserte, blir dei spegla i utforminga, kommunikasjonen og leveringa av offentlege tenester.
- Det finst klare prosedyrar for å overvake leveringa av offentlege tenester, mellom anna klagemekanismar for innbyggjarane og involvering av ombodsmannsinstitusjonar.
- Overvakingsresultat og klagar blir handterte innan rimeleg tid og blir integrerte i alle fasar av politikkkutforming og avgjerdstaking.

Grunnverdi 4 – YTING AV OFFENTLEGE TENESTER AV HØG KVALITET OG ØKONOMISK, SOSIAL OG MILJØMESSIG VELFERD.

43. Den fjerde grunnverdien slår fast at det å føre ein politikk og tilby offentlege tenester som fremjar velferd og velstand for alle, òg for framtidige generasjonar, er ein hjørnestein i eit godt demokratisk styresett. Følgjande prinsipp for eit godt demokratisk styresett kjem inn under denne grunnverdien:

10 – god finansiell og økonomisk styring

11 – berekraft og langsiktigheit

12 – openheit for endring og innovasjon

Prinsipp 10 – god finansiell og økonomisk styring

Den finansielle og økonomiske styringa hos statsforvaltninga og offentlege institusjonar, og til alle offentlege tenestemenn, bør vere god, for å sikre optimal bruk av offentlege ressursar og gjennomføring av politikk som fremjar velferd og velstand for alle.

44. Prinsippet understrekar at det er naudsynt med ein konsekvent og streng økonomisk og finansiell politikk som mellom anna sørgjer for rettferdig fordeling av økonomiske ressursar på alle nivå for å støtte opp om økonomisk og sosial velferd for alle. Det inneber at offentlege institusjonar vedtek strategiar og metodar for bruk av tilgjengelege ressursar for å sikre at dei blir brukte til rett tid og på ein rimeleg måte, både kvantitativt og kvalitativt, og at dei er overkommelege i pris. Ressursane blir brukte for å oppnå best mogleg resultat ut frå fastsette mål. Prinsippet stadfestar òg behovet for å sikre ei berekraftig økonomisk og finansiell framtid for dei tenestene som den offentlege organisasjonen tilbyr.

Prinsipp 10

Overhalding av dette prinsippet vil tyde følgjande:

- Ein overordna strategi beskriv den generelle økonomiske og finansielle stillinga til den offentlege organisasjonen og er tydeleg knytt til andre planar og strategiar.
- Den økonomiske og finansielle politikken har klare mål og tiltak som støttar langsiktig økonomisk vekst utan å gå på kostnad av samfunnsmessig og miljømessig velferd, mellom anna rettferd mellom generasjonar.
- Revisjon, både intern og ekstern, er sett på som viktig for å overvake og gje forsikring om at økonomistyringa er forsvarleg og samanhengande.
- Risikoar blir estimerte og handtert på rett måte.
- Det blir søkt etter samarbeids- og partnerskapsmekanismar for å oppnå stordriftsfordelar, rettferdig fordeling av byrder og fordelar og reduksjon av risiko.

Prinsipp 11 – berekraft og langsiktigheit

Ein bør arbeide for å maksimere berekrafta i avgjerder og tiltak som blir trefte av statsforvaltninga, offentlege institusjonar og offentlege tenestemenn, og for å ta omsyn til

den potensielle innverknaden som dei kan ha på framtidige generasjonar, og til evna som desse generasjonane har til å dekkje sine eigne behov.

45. Prinsippet slår fast, som ein standard for eit godt demokratisk styresett, behovet for å ta omsyn til og handle ut frå dei potensielle konsekvensane for framtidige generasjonar som avgjerdene og handlingane til statsforvaltninga, offentlege institusjonar og offentlege tenestemenn kan ha. Det understrekar behovet for å ta omsyn til miljømessige, sosiale, menneskelege og økonomiske konsekvensar i politikkkutforming og avgjerdsprosessar og for å leggje vekt på dei langsiktige berekraftige måla og konsekvensane av handlingane, mellom anna for noverande og framtidig rettferd mellom generasjonar, i staden for på kortsiktige verdiar. Offentlege institusjonar bør samarbeide på alle nivå og med relevante interessentar for å få til ei berekraftig og langsiktig tilnærming når strategiar, politikk og leveringsplanar blir utvikla og overvaka, ut frå den innverknaden dei har på langsiktige parametrar, mellom anna økonomiske, miljømessige og samfunnsmessige resultat.

46. Vi minner om at 2030-agendaen for berekraftig utvikling, som vart vedteken i FN-regi i 2015, er ein felles plan for fred og velstand for menneske og kloden, både her og no og i framtida. Dei 17 berekraftsmåla som agendaen fremjar, er ei oppfordring til handling frå alle land, både utvikla land og utviklingsland, i eit globalt partnerskap. Dei anerkjenner at det å utrydde fattigdom og andre mishøve må gå hand i hand med strategiar som betrar helse og utdanning, reduserer ulikskap og stimulerer økonomisk vekst – samstundes som ein kjempar mot klimaendringane og arbeider for å ta vare på miljøet og naturressursane.

Prinsipp 11

Overhalding av dette prinsippet vil tyde følgjande:

- Gjeldande politikkkutformings- og avgjerdsprosessar har ein klar referanse til motstandskraft, berekraft og rettferd mellom generasjonar – mellom anna økonomiske, miljømessige og samfunnsmessige konsekvensar.
- Gjeldande politikkkutformings- og avgjerdsprosessar tek omsyn til konsekvensane for forvaltninga, lokalsamfunnet og miljøet i dag og i framtida.
- Gjeldande politikkkutformings- og avgjerdsprosessar legg vekt på å overvake, levere og vise framgangen som er gjort.

- Politikkkutformings- og avgjerdsprosessar anerkjenner og freistar å ta vare på dei historiske, kulturelle og samfunnsmessige aspekta ved konteksten dei er retta mot.
- Politikkkutformings- og avgjerdsprosessar forstår dei framtidige behova til befolkinga og lokalsamfunn og vurderer strategisk planlegging for å handtere utfordringane.
- Det er innført strategiske planleggingsprosessar; dei inkluderer viktige interessentar og blir utvikla utover valperiodane.

Prinsipp 12 – openheit for endring og innovasjon

Statsforvaltninga, offentlege institusjonar og offentlege tenestemenn bør vere villige til å gå proaktivt inn for endring og innovasjon der dette kan bidra til å gjere offentlege tenester meir robuste og av betre kvalitet, idet ein tar omsyn til at forventningar og realitetar stadig endrar seg, og ved å samarbeide breitt med andre for å nytte god praksis og auke kunnskapen.

47. Prinsippet inneber at statsforvaltninga, offentlege institusjonar og offentlege tenestemenn skal vere førebudde på og i stand til å tilpasse seg kontekstuelle endringar, til dømes endringar i folks legitime forventningar og behov, nye utfordringar og trendar, nye arbeidsmetodar for forvaltninga av offentlege institusjonar eller levering av offentlege tenester, mellom anna med omsyn til informasjonsteknologi (til dømes for datahandtering, avgjerdsstøtte, trendanalysar og prognoser), når det er innført eigna tryggingstiltak.

Prinsipp 12

Overhalding av dette prinsippet vil tyde følgjande:

- For å oppnå betre resultat blir det i offentlege institusjonar skapt eit klima som er gunstig for tilpassing til endringar i kontekst og ytre miljø, til folks behov og preferansar og til kulturelle endringar, basert på fleksibilitet, eigenevaluering og kontinuerleg læring.
- Offentlege institusjonar er klare til å delta i kunnskapsdeling med andre offentlege og private aktørar og med sivilsamfunnet, på alle nivå, òg internasjonalt.
- Offentlege institusjonar er i stand til å identifisere, tilpasse og implementere vellukka praksis, slik at dei kan innovere med omsyn til kunnskap, institusjonelle rammer og leiing, når det er naudsynt.
- Det er vilje til å prøve ut nye program, verktøy og metodar, og til å overvake og evaluere resultatane av desse, mellom anna ved å ta i bruk digital teknologi på ein trygg, inkluderande og effektiv måte.

VEDLEGG

Utvalde juridiske instrument og anna referansemateriale

Merk: Så langt det er mogleg, blir referansetekstar berre nemnde éin gong for å unngå redundans, sjølv om nokre av dei kan vere relevante for fleire prinsipp.

Generelle kjelder frå Europarådet

- Det fjerde toppmøtet for stats- og regjeringssjefar (2023): Reykjavíkerklæringa og Reykjavíkprinsippa for demokrati, som er vedlagde erklæringa
- Spesialrapport om framtida til Europarådet frå høgnivågruppa som vart oppretta under det irske formannskapet i Ministerkomiteen (2022)
- [Årsrapportar](#) frå generalsekretæren til Europarådet: «State of Democracy, Human Rights and the Rule of Law: An Invitation to Recommit to the Values and Standards of the Council of Europe» (2023); «Moving forward» (2022); «State of Democracy, Human Rights and the Rule of Law: A democratic renewal for Europe» (2021); «Multilateralism» (2020)
- [Tolv prinsipp for eit godt demokratisk styresett](#) (2008) og European Label of Governance Excellence – [Referanseverdiar for eit godt styresett](#) (2018)
- Rapportar frå komiteen for oppfyljing av forpliktingane og tilsegnene til medlemsstatane i Europarådet (overvakingsskomiteen) i Parlamentarikarforsamlinga
- [Likestillingsstrategien til Europarådet 2018–2023](#)

- [Forsamlingsresolusjon 2437 \(2022\)](#) og [rekommandasjon 2232 \(2022\)](#)
«Safeguarding and promoting genuine democracy in Europe»
- Kongressrapport [CG\(2021\)40-10](#), [rekommandasjon 455 \(2021\)](#) og [resolusjon 467 \(2021\)](#) «Recurring issues based on assessments resulting from Congress monitoring of the European Charter of Local Self-Government and election observation missions (reference period 2017-2020)»
- [Forsamlingsresolusjon 2242 \(2018\)](#) «The role of national parliaments in successful decentralisation processes»
- [Forsamlingsresolusjon 2003 \(2014\)](#) «Towards a better European democracy: facing the challenges of a federal Europe»
- [Forsamlingsresolusjon 1888 \(2012\)](#) «The crisis of democracy and the role of the State in today's Europe»
- Venezia-kommisjonens rapport [CDL-AD\(2011\)009-e](#) «Stocktaking on the notions of *good governance* and *good administration*»
- Rekommandasjon [CM/Rec\(2007\)7](#) frå Ministerkomiteen til medlemsstatane om god forvaltning
- Forsamlingsresolusjon 800 (1983) «Principles of democracy»

Andre generelle kjelder

- FN sin 2030-agenda for berekraftig utvikling (2015) og dei 17 berekraftsmåla
- Economist Intelligence Unit: demokrati-indeksen og rapportar (t.d. «[the China Challenge](#)» (2021))
- Freedom House: «Nations in Transit»-rapportar («The Antidemocratic Turn» – 2021); indeks for demokratisk styreset og borgarrettar
- International IDEA: [Globale indekser for demokratiets tilstand](#)
- OECD-SIGMA «Principles of Public Administration» (2014)
- Verdensbanken: Prosjektet Worldwide Governance Indicators
- Indeks for demokratisk oppfatning («Democratic Perception Index») (Latana)

Prinsipp 1: Demokratisk deltaking

- Tilleggsprotokollen til Det europeiske charteret om lokalt sjølvstyre (ETS nr. 207) om rett til deltaking i sakene til lokale myndigheiter (CETS nr. 207)
- Konvensjonen om utlendingar si deltaking i det offentlege liv på lokalt nivå (ETS nr. 144)
- Første protokoll til konvensjonen om vern av menneskerettane og dei grunnleggjande fridomane (ETS nr. 009)
- Rekommandasjon [CM/Rec\(2018\)4](#) frå Ministerkomiteen til medlemsstatane om innbyggjarane si deltaking i det lokale offentlege liv

- Rekommandasjon [CM/Rec\(2007\)14](#) frå Ministerkomiteen til medlemsstatane om den rettslege statusen til ikkje-statlege organisasjonar i Europa
- Rekommandasjon [Rec\(2004\)13](#) frå Ministerkomiteen til medlemsstatane om unges deltaking i det lokale og regionale livet (basert på Kongressen sitt reviderte europeiske charter om unges deltaking i det lokale og regionale livet)
- Rekommandasjon [Rec\(2003\)4](#) om felles reglar mot korrupsjon i samband med finansiering av politiske parti og valkampanjar
- Rekommandasjon [Rec\(2003\)3](#) frå Ministerkomiteen til medlemsstatane om balansert deltaking av kvinner og menn i politiske og offentlege avgjerdsprosessar

- Forsamlingsresolusjon 482 og rekommandasjon 476 (2022) «The situation of independent candidates and the opposition in local and regional elections»
- [Forsamlingsresolusjon 2390](#) og [rekommandasjon 2208](#) (2021) «Transparency and regulation of donations to political parties and electoral campaigns from foreign donors»
- [Forsamlingsresolusjon 2362](#) og [rekommandasjon 2194](#) (2021) «Restrictions on NGO activities in Council of Europe member States»
- Felles retningslinjer for regulering av politiske parti (2020), av Venezia-kommisjonen og OSSE/ODIHR
- [Forsamlingsresolusjon 2222](#) (2018) «Promoting diversity and equality in politics»
- [Forsamlingsresolusjon 2226](#) og [rekommandasjon 2134](#) (2018) «New restrictions on NGO activities in Council of Europe member States»
- Ministerkomiteen: Retningslinjer for sivil deltaking i politiske avgjerdsprosessar (2017)
- [Forsamlingsresolusjon 2111](#) (2016) «Assessing the impact of measures to improve women's political representation»
- World Forum for Democracy 2014: «From participation to influence: can youth revitalise democracy?» (3.–5. november 2014): sluttrapport
- [Forsamlingsresolusjon 1970](#) og [rekommandasjon 2033](#) (2014) «Internet and politics: the impact of new information and communication technology on democracy»
- [Forsamlingsresolusjon 2024](#) og [rekommandasjon 2058](#) (2014) «Social exclusion: a danger for Europe's democracies»
- Retningslinjer for god praksis i valsaker frå Den europeiske kommisjonen for demokrati gjennom lovgjeving (Venezia-kommisjonen) (2002)
- International Foundation for Electoral Systems (IFES): valmaterieil, forskings- og analyserapportar
- Kongressplattforma "be-Open" (for å gjere det enklare for lokale myndigheiter og innbyggjarar å få tilgang til relevant europeisk dokumentasjon)
- BePart – ei nettbasert plattform for å fremje samfunnsdeltaking
- [CLEAR](#)– modell for innbyggjardeltaking i lokale myndigheiter

Prinsipp 2: Menneskerettar

- Konvensjonen om førebygging og motarbeiding av vald mot kvinner og vald i nære relasjonar (CETS 210)
- Konvensjonen om vern av barn mot seksuell utnytting og seksuelt misbruk (CETS 201)
- Konvensjonen om tiltak mot menneskehandel (CETS 197)
- Rammekonvensjonen for vern av nasjonale minoritetar (ETS 157)
- Det europeiske charteret om regions- eller minoritetsspråk (ETS 148)
- Den europeiske konvensjonen om førebygging av tortur og umenneskeleg eller nedverdiggande behandling eller straff (ETS 126)
- Konvensjonen om vern av menneskerettane og dei grunnleggjande fridomane (ETS 5), dei atten tilleggsprotokollane til konvensjonen og Den europeiske menneskerettsdomstolens rettspraksis, slik han går fram av dokumentasjonen som domstolen har utarbeidd
- Den europeiske sosialpakta (ETS 35), endringsprotokoll til Den europeiske sosialpakta (ETS 142), tilleggsprotokoll til Den europeiske sosialpakta som fastset eit system for kollektive klagar (ETS 158) og Den reviderte europeiske sosialpakta (ETS 163)
- Den europeiske kodeksen for sosial tryggleik (ETS 48) og Den reviderte europeiske kodeksen for sosial tryggleik (ETS 139) og protokollen til den europeiske konvensjonen om sosial tryggleik (154)
- Rekommandasjon [CM/Rec\(2019\)1](#) frå Ministerkomiteen til medlemsstatane om førebygging og motarbeiding av kjønnsdiskriminering

- Europarådets likestillingsstrategi 2018–2023 og dei juridiske instrumenta og andre tekstar som er vedtekne under strategien
- [Kommissæren for menneskerettar](#): besøksrapportar, temadokument, fråsegner og tilrådingar
- Styringskomiteen for førebygging av tortur og umenneskeleg eller nedverdiggande behandling eller straff (CPT): landrapportar, standardar og verktøy og andre publikasjonar
- Den europeiske kommisjonen mot rasisme og intoleranse (ECRI): landrapportar
- Europarådets plattform Safety of Journalists: årsrapportar

Prinsipp 3: Rettsstatsprinsippet

- Konvensjon om vern av menneskerettane og dei grunnleggjande fridomane (ETS 5), og rettspraksisen til domstolen, særleg for artikkel 5 (retten til fridom og tryggleik), artikkel 6 (retten til ein rettferdig rettargang), artikkel 7 (inga straff utan lov og dom) og artikkel 13 (retten til effektivt rettsmiddel)
- Venezia-kommisjonen: Sjekkliste for rettstryggleik og forsamlingsresolusjon 2187 (2017) som godkjenner lista
- Den europeiske kommisjonen for effektivitet i justissektoren (CEPEJ): toårlege rapportar om evaluering av europeiske rettssystem
- Konsultativt råd for europeiske dommarar (CCJE): Magna Carta for dommarar (2010), fråsegn nr. 18 (2015) om stillinga til domstolane og deira forhold til dei andre statsmaktene i eit moderne

demokrati i tillegg til andre fråsegner; rapportar om sjølvstendet og upartiskheita til domstolane i medlemsstatane i Europarådet (2016, 2017 og 2019)

- Konsultativt råd for europeiske påtalemyndigheiter (CCPE): Fråsegn nr. 13 (2018): «Independence, accountability and ethics of prosecutors»; fråsegn nr. 9 (2014) «European norms and principles concerning prosecutors»; fråsegn nr. 4 (2009) om forholdet mellom dommarar og påtalemyndigheiter i eit demokratisk samfunn; rapportar om sjølvstendet og upartiskheita til påtalemyndigheitene i medlemsstatane i Europarådet (2016, 2017 og 2019).
- Den europeiske union: Rammeverket for rettstryggleik og landrapportar vedtekne i den konteksten; EU Justice scoreboard

Prinsipp 4: Offentleg etikk

- Europarådets [strafferettslege konvensjon om korrupsjon](#) (ETS 173) og [tilleggsprotokollen til konvensjonen](#) (ETS nr. 191), og dessutan Den [sivilrettslege konvensjonen mot korrupsjon](#) (ETS 174)
 - [Europarådskonvensjonen om innsidehandel](#) (ETS 130)
 - Rekommandasjon [CM/Rec\(2017\)2](#) frå Ministerkomiteen til medlemsstatane om rettsleg regulering av lobbyverksemd i samband med offentlig avgjerdstaking
 - Rekommandasjon [CM/Rec\(2014\)7](#) frå Ministerkomiteen til medlemsstatane om vern av varslarar, og det tilhøyrande forklarande notatet
 - Rekommandasjon [Rec\(2000\)10](#) frå Ministerkomiteen til medlemsstatane om etiske retningslinjer for offentlege tenestemenn, med ein modell for etiske retningslinjer for offentlege tenestemenn (i vedlegg), og det tilhøyrande [forklarande notatet](#)
 - Resolusjon [Res\(97\)24](#) om dei tjue rettleiande prinsippa for kampen mot korrupsjon
- ***
- Gruppa av statar mot korrupsjon (GRECO): Landevaluerings- og samsvarsrapportar og generelle (årlege) aktivitetsrapportar: Runde 3 om openheit om politisk finansiering og om korrupsjonsskuldingar; runde 4 om førebygging av korrupsjon blant dommarar og påtalemyndigheiter og blant parlamentarikarar; runde 5 om førebygging av korrupsjon i toppleiinga (regjeringa) og i rettshandhevinga.
 - Ministerkomiteens retningslinjer for offentlig etikk (2020) og CDDGs rettleiing om offentlig etikk (2019)
 - Forsamlingsresolusjon 2274 og rekommandasjon 2152 (2019) «Promoting parliaments free of sexism and sexual harassment»
 - Kongressen: Europeiske etiske retningslinjer for alle personar som er involverte i lokal og regional styring (2018)
 - Forsamlingsresolusjon 2170 og rekommandasjon 2105 (2017) «Promoting integrity in governance to tackle political corruption»
 - Forsamlingsresolusjon 1943 og rekommandasjon 2019 (2013) «Corruption as a threat to the rule of law»
 - Kongressresolusjon 105 (2000) og rekommandasjon 86 (2000) «on the financial transparency of political parties and their democratic functioning at regional level»

- Kongressresolusjon 79 (1999) og rekommandasjon 60 (1999) «on political integrity of local and regional elected representatives»
- Europarådet sitt «Toolkits on public ethics benchmarking» for sentrale myndigheiter (2020) og lokale myndigheiter (2017), av Centre of Expertise for Good Governance

Prinsipp 5: Ansvarlegheit

- Rekommandasjon [CM/Rec\(2022\)2](#) frå Ministerkomiteen til medlemsstatane om demokratisk ansvarlegheit for folkevalde representantar og folkevalde organ på lokalt og regionalt nivå
- Rekommandasjon [CM/Rec\(2019\)3](#) frå Ministerkomiteen til medlemsstatane om tilsyn med verksemda til lokale myndigheiter

- Forsamlingsresolusjon 2169 (2017) «Recognition and implementation of the principle of accountability in the Parliamentary Assembly»
- Forsamlingsresolusjon 2182 (2017) «Follow-up to Resolution 1903 (2012): promoting and strengthening transparency, accountability and integrity of Parliamentary Assembly members»
- Forsamlingsresolusjon 1871 (2012) «Self-evaluation by Europe's national parliaments: procedural guidelines to improve the quality of parliamentary work»

Prinsipp 6: Openheit og gjennomsiktigheit

- Europarådskonvensjonen om innsyn i offentlege dokument (CETS nr. 205)

- Kongressen for lokale og regionale myndigheiter: «Transparency and open government»: rapport CG35(2018)14; rekommandasjon 424 (2018); resolusjon 435 (2018); «Making public procurement transparent at local and regional levels»: rapport CG33(2017)13; rekommandasjon 405 (2017); resolusjon 421 (2017); «Open data for better public services»: rapport CG32(2017)15; rekommandasjon 398 (2017); resolusjon 417 (2017)
- OECD: Rådets tilrådingar om miljøinformasjon (2022) og om rapportering om open forvaltning (2017)
- Forsamlingsresolusjon 2125 og rekommandasjon 2094 (2016) «Transparency and openness in European institutions»
- OECD: Rådets tilråding om betre tilgang til og meir effektiv bruk av informasjon frå offentleg sektor (2008)

Prinsipp 7 – effektiv, verknadsfull og forsvarleg forvaltning

- Rekommandasjon [CM/Rec\(2007\)4](#) frå Ministerkomiteen til medlemsstatane om lokale og regionale offentlege tenester

- «Toolkit for performance management, risk management and internal audit» (2021) og «Toolkit on strategical municipal planning» (2022), Europarådet/Centre of Expertise for Good Governance
- OECDs serie med gjennomgang av offentleg styring

- Periodiske indeksar og den underliggjande metodikken for korleis offentlege institusjonar fungerer, mellom anna kor verknadsfulle myndigheiter er, til dømes 360 Government Data frå Verdsbanken, TheGlobalEconomy.com,
- Kongressen for lokale og regionale myndigheiter: «Good governance in metropolitan areas»: rapport CG31(2016)17; rekommandasjon 392 (2016); resolusjon 407 (2016)
- Arbeidsdokument om «Determinants of Government Efficiency» (2016), Det internasjonale pengefondet (IMF)
- Fleire tilrådingar frå OECDs råd bør nemnast, særleg blant dei som ble utgjevne i 2015, til dømes tilrådinga om god statistikkpraksis, tilrådinga om budsjettstyring, tilrådinga om offentlege anskaffingar og tilrådinga om retningslinjer for eigarstyring og selskapsleiing i statseigde føretak.
- Kongressen for lokale og regionale myndigheiter: «The governance of macro-regions in Europe»; rekommandasjon 331 (2012); resolusjon 349 (2012)

Prinsipp 8 – leiarskap, yteevne og kapasitet

- Rekommandasjon [CM/Rec\(2007\)12](#) frå Ministerkomiteen til medlemsstatane om kapasitetsbygging på lokalt og regionalt nivå
- Rekommandasjon [Rec\(2005\)1](#) om dei økonomiske ressursane til lokale og regionale myndigheiter

- Tilråding frå OECDs råd om leiing og kapasitet i offentlig sektor (2019)
- Regionkomiteen: «Capacity building of local and regional public administration in Eastern Partnership countries» (2019)
- OECD-publikasjonen «Skills for a High Performing Civil Service» (2017)
- Kongressen for lokale og regionale myndigheiter: «Equality and diversity in local authority employment and service provision»; rekommandasjon 262 (2009)
- Styringskomiteen for lokalt og regionalt demokrati (CDLR): «Study on Local authority competences in Europe» (2007)

Prinsipp 9 – respons

(sjå òg referansar nemnde i samband med prinsipp 2, 3, 5 og 7)

- Rekommandasjon [CM/Rec\(2021\)1](#) frå Ministerkomiteen til medlemsstatane om utvikling og styrking av verknadsfulle, pluralistiske og uavhengige nasjonale menneskerettsinstitusjonar
- Rekommandasjon [CM/Rec\(2010\)3](#) frå Ministerkomiteen til medlemsstatane om effektive rettsmiddel ved urimeleg lang saksbehandlingstid

- Rekommandasjon [Rec\(2004\)6](#) frå Ministerkomiteen til medlemsstatane om betring av nasjonale rettsmiddel

Prinsipp 10 – god finansiell og økonomisk styring

- Rekommandasjon [CM/Rec\(2011\)11](#) frå Ministerkomiteen til medlemsstatane om finansiering av nye kompetanseområde for lokale myndigheiter frå myndigheiter på høgare nivå
- Rekommandasjon [Rec\(2004\)1](#) frå Ministerkomiteen til medlemsstatane om finansiell og budsjettmessig styring på lokalt og regionalt nivå
- Rekommandasjon [Rec\(2000\)14](#) frå Ministerkomiteen til medlemsstatane om lokal skattlegging, økonomisk utjamning og tilskot til lokale myndigheiter
- Rekommandasjon [Rec\(2001\)2](#) frå Ministerkomiteen til medlemsstatane om kostnadseffektiv utforming og omlegging av domstolssystem og rettsinformasjonssystem

- Kongressen for lokale og regionale myndigheiter: «Fair distribution of taxes in transfrontier areas: Potential conflicts and possibilities for compromise» – rekommandasjon 438 (2019); «Coping with the debt burden: local authorities in financial difficulty» – rekommandasjon 427 (2018); «Making public procurement transparent at local and regional levels» – rapport CG33(2017)13, rekommandasjon 405 (2017), resolusjon 421 (2017); «Gender budgeting» – rapport CG31(2016)10 ; resolusjon 405 (2016); «Adequate financial resources for local authorities» – rekommandasjon 362; resolusjon 372 (2014); «Local and regional authorities responding to the economic crisis»; resolusjon 357 (2013)
- Centre of Expertise: «Local Finance Benchmarking - Introduction and Methodology» (2020) og «Local Finance Benchmarking Toolkit» (2013)
- «Local Government in critical times: policies for crisis, recovery and a sustainable future» (samling av tekstar frå Europarådet, 2011)
- Kongressen for lokale og regionale myndigheiter: «Regional public finance policies» – resolusjon 265 (2008); «On environmental accounting for responsible local action»; rekommandasjon 220 (2007); resolusjon 240 (2007)

Prinsipp 11 – berekraft og langsiktighet

- Europarådets landskapskonvensjon (ETS No. 176) og dei ulike rekommandasjonane frå Ministerkomiteen til medlemsstatane til støtte for gjennomføringa av konvensjonen, t.d. rekommandasjon [CM/Rec\(2008\)3](#) frå Ministerkomiteen til medlemsstatane om retningslinjer for gjennomføringa av Den europeiske landskapskonvensjonen; rekommandasjon [CM/Rec\(2013\)4](#) om informasjonssystemet til Europarådets landskapskonvensjon og tilhøyrande ordliste; rekommandasjon [CM/Rec\(2017\)7](#) frå Ministerkomiteen til medlemsstatane om

bidraget frå Den europeiske landskapskonvensjonen til utøvinga av menneskerettar og demokrati med sikte på berekraftig utvikling.

- Konvensjonen om miljøvern gjennom strafferetten (ETS nr. 172)
- Rekommandasjon [Rec\(2002\)1](#) frå Ministerkomiteen til medlemsstatane om rettleiande prinsipp for berekraftig arealutvikling på det europeiske kontinentet

- World Forum for Democracy 2021: «Can Democracy Save the Environment?» (8.–10. november 2021): konklusjonar og tilrådingar
- OECD-erklæringa om politikk for å byggje ei betre framtid for regionar, byar og rurale område (2019)
- FN sin 2030-agenda for berekraftig utvikling (2015) og dei 17 berekraftsmåla
- FN-publikasjonar om dei 17 berekraftsmåla, til dømes «SDG Good Practices - A compilation of success stories and lessons learned in SDG implementation» (første utgåve, 2020)
- Kongressen for lokale og regionale myndigheiter: «Ensuring the respect of the European Charter of Local Self-Government in major crisis situations» – rapport [CG\(2021\)40-07](#); rekommandasjon 453; resolusjon 453; «Making cities resilient»; resolusjon 339 (2012); «Energy supply and energy efficiency at local and regional level: promoting energy transition»; resolusjon 335 (2011); «Global challenge of climate change: local responses»; rekommandasjon 271; (2009) resolusjon 288 (2009); «After Copenhagen, cities and regions take up the challenge»; rekommandasjon 281 (2010); resolusjon 298 (2010); «Intra-regional transport: a challenge for sustainable development and territorial cohesion»; rekommandasjon 287 (2010); resolusjon 302 (2010); «Coastal towns and cities tackling threats from the sea»; rekommandasjon 298 (2010); resolusjon 317 (2010); «Good governance: a key factor for the sustainable economic development of regions»; rekommandasjon 265 (2009); resolusjon 283 (2009); «Local and regional authorities committed to sustainable consumption»; rekommandasjon 230 (2008); resolusjon 247 (2008)

Prinsipp 12 – openheit for endring og innovasjon

- Rekommandasjon [Rec\(2004\)15](#) frå Ministerkomiteen til medlemsstatane om elektronisk styring («e-styring»)

- Ministerkomiteens retningslinjer for bruk av informasjons- og kommunikasjonsteknologi (IKT) i valprosessar i medlemsstatane i Europarådet (2022)
- Forsamlingsresolusjon 2341 og rekommandasjon 2181 (2021) «Need for democratic governance of artificial intelligence»

- Kongressen for lokale og regionale myndigheiter: «Home sharing platforms: challenges and opportunities for municipalities»; rekommandasjon 463 (2021); resolusjon 475 (2021)
- Studien «The impact of digital transformation on democracy and good governance» (2020), utført av styringskomiteen for demokrati og styresett
- Verktøysettet «Teleworking in public administration» (2020), utarbeidd av Europarådets Centre of Expertise for Good Governance
- World Forum for Democracy 2019: «Is democracy in danger in the information age?» (6.–8. november 2019): konklusjonar
- Forsamlingsrekommandasjon 2102 (2017) «Technological convergence, artificial intelligence and human rights»
- Kongressen for lokale og regionale myndigheiter: Rapporten «New forms of local governance» (rapport CPL/2015(29)4);
- Kongressen for lokale og regionale myndigheiter: «E-democracy: opportunities and risks for local authorities»; rekommandasjon 274 (2009); resolusjon 290 (2009); «The digital divide and e-inclusion in the regions»; rekommandasjon 263 (2009); resolusjon 282 (2009); «Creative cities – managing the cultural activity of cities» rekommandasjon 275 (2009); resolusjon 291 (2009); «Electronic democracy and deliberative consultation on urban projects», rekommandasjon 249 (2008); resolusjon 267 (2008).

[1] Sjå avsnitt 12.

[2] Utarbeidinga av ein slik rekommandasjon var den første spesifikke oppgåva i CDDGs mandat for perioden 2022–2025: [å utarbeide eit] «utkast til ein rekommandasjon om prinsipp for eit godt demokratisk styresett som skal gjelde generelt for alle forvaltningsnivå, og som byggjer på dei tolv prinsippa for eit godt demokratisk styresett på lokalt nivå» (frist: 31.12.2023).

[3] <https://pace.coe.int/en/files/28773>.

[4] <https://pace.coe.int/fr/files/30029>.

[5] Alle dokumenta frå toppmøtet-er tilgjengelege på <https://www.coe.int/en/web/cm/reykjavik-summit>

[6] Merket blir tildelt etter ein prosess basert på ein eigenvurdering av lokale myndigheiter og innsamling av data frå offentlege tenestemenn og innbyggjarar. Resultata av denne prosessen blir deretter evaluerte og validerte av ei nasjonal plattform for interessentar

som er akkrediterte for dette formålet av Europarådets ELoGE-akkrediteringsplattform. ELoGE har blitt implementert i over tjue medlemsstatar innan 2022, og dei mange fordelane med denne øvinga har raskt blitt anerkjente av offentlege tenestemenn og innbyggjarar som er involverte i programmet. ELoGE har vist seg å vere eit effektivt program for å auke medvitet om, formidle, fremje og gradvis implementere Europarådets verdiar og prinsipp for eit godt demokratisk styresett på ein enkel, kostnadseffektiv og potensielt lønnsam måte, samla i ein enkelt referanse.

[\[7\]](#) Til dømes slik tilfellet er i Belgia.